



Folketoget på veg ned i båthamna

Det er grunn til å tru at rundt rekna 500 uskedelingar eller halve bygda har feira 17, mai idag. Det har gått føre seg i tradisjonelle former - nokon vil kanskje seie FOR tradisjonelle - men en kan slå fast at det tydelegvis er slik vi vil ha det - frå morgonsalutt til bedehusfest. Tradisjonar er noko å halda fast på og som gjev ein stad identitet. Ein aktør som i dag har vore sterkt inne på det er lyrikkdebutanten Mona Vetrhus, som streka under det både i poesi og prosa. Ho er framleis sterkt knytt til Uskedalen og streka i talen for dagen under at vi har mykje å vera stolte av



[Mona Vethus held tala for dagen](#)

Men trass i tradisjonane er det framleis mogeleg å finslipa programmet noko, til dømes overgangen frå gudstenesta til bautahøgtida. Tidlegare har det av og til vore tidsmessig i trongaste laget mellom dei 2 postane, no var det ein halvtilme før bautahøgtida starta. Og det trass i at gudstenesta vart sterkt konsentrert.





Ronja Lakselv legg blomar på minnesteinen

Røysterrett for alle song der - som dei også gjorde i Aktivitetshuset seinare på dagen - og sette sitt sterke preg på programmet. Men utan å fornærma nokon var det skulemusikken som imponerte oss mest i dag, både i toget og ellers. Dei gjer store framsteg i likheit med musikklaget.





Bjarte Døssland les dikt. Musikklaget sit til venstre, ved Grano

Friluftsscena har framleis ei rolle å spela når veret er godt. Der'landa' toget då det hadde vore nedom båthamnane og Rabben og den tradisjonelle blomen vart lagt på bautaeen. Unge Ronja Lakselv klarte oppdraget fint. Ho streka under at fred ikkje er noko sjølvsgagt men noko som kjem etter at nokon har gjort ein liten eller stor innsats..-Mange risikerte livet for at vårt land skulle verta fritt og uavhengig og no kan vi glede oss saman på denne strålende festdagen, sa Ronja.

Bautaeen i sentrum vart som han plar bli bekransa av femteklassingane som las diktet til Olaf Agnar Gausvik, men her forekom det eit gripande ekstrainslag då Bjarte Døssland las eit dikt som Kristen Døssland skreiv då steinen vart avduka i 1914. Kristen var syskenbon til Bjarte sin bestefar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Røysterett for alle song i kyrkja, der dei nye salmebøkene (i framgrunnen) vart teke i bruk